



Nærøfjorden  
verneområdestyre

## Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Stalheim  
**Dato:** 14.06.2022  
**Tidspunkt:** 11:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet startar med lunsj på Stalheim hotell kl. 11.30.  
Dersom det vert tid på slutten av møtet, ca. kl. 14.30, vert det synfaring i Stalheimskleiva.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 7/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 8/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 9/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 5/22	Notat - dialogmøte om besøksforvaltning - 10.03.2022		2021/16652
RS 6/22	Notat frå møte om besøksforvaltning i Jordalen og fjella rundt, 30.03.2022		2021/16652
RS 7/22	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - høyring - revidert utgåve - Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap		2022/6100
RS 8/22	Innkalling med saksliste til møte i Verdsarvrådet 23. - 24. mai i Gudvangen		2021/1569
RS 9/22	Informasjon og påminning om fartsreduksjon for båtar i Nærøyfjorden landskapsvernområde		2021/16652
RS 10/22	Tilstandsrapport for Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden		2022/4403
RS 11/22	Nordheimsdalen naturreservat -kartlegging av naturtypar i 2022		2021/1569
RS 12/22	Nærøyfjorden landskapsvernområde - kartlegging av naturtypar i 2022		2021/1569
RS 13/22	Retting i brev - karlegging av naturtypar		2021/1569
RS 14/22	Melding om oppstart - Felles sti- og løypeplan for Nordfjella med Raudafjell villreinområde		2021/1569
RS 15/22	Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - Aurland - revidering av kommunale retningslinjer for motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag		2022/4777
RS 16/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - restaurering av stølshus - gnr. 69 bnr. 1		2022/5299
RS 17/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel på barmark		2022/4691
RS 18/22	Dispensasjon - Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stokko - bygging av klopp over Beinsnesgrov		2022/5350
RS 19/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - helikoptertransport av møblar og utstyr		2022/5907
RS 20/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stigen - helikoptertransport av materiale til restaurering av løa		2022/5907

RS 21/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Nordheimsdalen naturreservat - belegg av plantar, lav og sopp - Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS	2022/5230
ST 10/22	Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - ny 420 kV-leidning Sogndal - Aurland	2022/6368
ST 11/22	Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - motorisert ferdsel i samband med bygging av ny 420 kV-leidning Sogndal - Aurland	2022/6368
ST 12/22	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltak med gjerde rundt stølshus	2022/3668

Orienteringar i møte:

1. Status planlegging og gjennomføring av tiltak
2. Status skjøtselsplan Styvi
3. Status kartbrosjyre

ST 7/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
ST 8/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen  
ST 9/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker  
RS 5/22 Notat - dialogmøte om besøksforvaltning - 10.03.2022  
RS 6/22 Notat frå møte om besøksforvaltning i Jordalen og fjella rundt, 30.03.2022  
RS 7/22 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - høyring - revidert utgåve -  
Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap  
RS 8/22 Innkalling med sakliste til møte i Verdsarvrådet 23. - 24. mai i Gudvangen  
RS 9/22 Informasjon og påminning om fartsreduksjon for båtar i Nærøyfjorden  
landskapsvernområde  
RS 10/22 Tilstandsrapport for Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden  
RS 11/22 Nordheimsdalen naturreservat -kartlegging av naturtypar i 2022  
RS 12/22 Nærøyfjorden landskapsvernområde - kartlegging av naturtypar i 2022  
RS 13/22 Retting i brev - karlegging av naturtypar  
RS 14/22 Melding om oppstart - Felles sti- og løypeplan for Nordfjella med  
Raudafjell villreinområde  
RS 15/22 Uttale frå Nærøyfjorden verneområdestyre - Aurland - revidering av  
kommunale retningslinjer for motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag  
RS 16/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -  
Hjølmo - restaurering av stølshus - gnr. 69 bnr. 1  
RS 17/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -  
Drægo til Hjølmo - motorferdsel på barmark  
RS 18/22 Dispensasjon - Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -  
Stokko - bygging av klopp over Beinsnesgrovi  
RS 19/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -  
Øvste Stegen - helikoptertransport av møblar og utstyr  
RS 20/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -  
Øvste Stigen - helikoptertransport av materiale til restaurering av løa  
RS 21/22 Dispensasjon - delegert vedtak - Nordheimsdalen naturreservat - belegg  
av plantar, lav og sopp - Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	10/22	14.06.2022

## Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - ny 420 kV-leidning Sogndal - Aurland

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statnett dispensasjon til bygging av ny 420 kV-leidning Sogndal – Aurland gjennom Bleia-Storebotnen landskapsvernområde. Når ny 420 kV-leidning er sett i drift, skal eksisterande 300 kV-leidning rivast, og gamle mastefundament skal fjernast frå området.

Dispensasjonen er gitt med heimel i verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 d), og gjeld med fylgjande vilkår:

- Ny 420 kV-leidning skal oppførast i samsvar med konsesjon gitt av NVE. Gjennomføringa skal vera i tråd med godkjent miljø-, transport- og anleggsplan.
- Anleggsperioden er frå 01.01.2023 til 31.12.2026.
- Bygging av ny 420 kV-leidning går over ei strekning på 8,65 km vest for eksisterande leidningstrase.
- Det kan plasserast 23 nye mastepunkt for ny 420 kV dupleks leidning.
- Det skal gjerast minst mogleg terrenginngrep på kvart mastepunkt, og det skal berre brukast stadeigen masse ved revegetering på mastepunkta.
- Ved vinkelpunktet ved mast FM71 mot grensa til Nordheimsdalen naturreservat, på riggplass B8C og B8D, kan det midlertidig plasserast stekkeutstyr i form av vinsj og tromlar. Utstyret skal plasserast rett på bakken og forankrast med lause betongblokker. Det skal ikkje planerast i terrenget for oppstilling av utstyret dersom det er mogleg å nytta betongblokker eller anna materiale. Dersom det er naudsynt med planering, skal dette gjerast skånsamt i terrenget, og med minst mogleg inngrep.
- Det kan nyttast gravemaskin til graving av fundament for mastepunkt i lausmassar. Gravemaskin og utstyr skal vera reingjord før dei vert transportert inn i området, slik at utstyret ikkje fører med seg framande artar inn i landskapsvernområdet.
- På arbeidsplassane kan det settast opp flyttbare kontainerar med opphald- og sanitærfasilitetar, og kontainer for lagring av verktøy og utstyr. Kontainerane skal plasserast på bakken utan terrenginngrep. For å hindre terrengskade, skal det leggjast matter i terrenget framfor inngangsdørene. Alle kontainerane skal fraktast ut av området straks anleggsarbeidet er slutført, og eventuelle terrengskadar skal rettast.



- Eksisterande 300 kV-leidning skal rivast straks ny 420 kV-leidning er sett i drift.
- Ved fjerning av eksisterande mastepunkt skal mastene skjerast ned, kappast opp og fraktast ut med helikopter. Fundamentet til mastene skal skjerast ned til fjellet, og i lausmassar skal fundamentet fjernast 20 cm under bakken. Fjerning av fundamenta skal gjerast ved å bruka handhalde boremaskin og ekspanderande, eller avgrensa sprenging av sjølve fundamentet. Ved bruk av sprenging skal sprengstein og alle restar etter sprengstoff samlast opp og handterast som avfall som vert frakta ut av området.
- Etter anleggsperioden er avslutta skal området ryddast for avfall, og alt utstyr skal fraktast ut av området.
- Rapporten som vert utarbeidd etter arbeidet er avslutta skal sendast til verneområdestyret.
- Det skal vere ei sluttsynfaring med forvaltar ved avslutning av arbeidet med 420 kV-leidninga for å sjå til at tilstellinga etter arbeidet er tilfredsstillande.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, 420 kV Sogndal – Aurland, *Statnett*, datert 25.04.2022
- Godkjend Miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) 420 kV Sogndal – Aurland, og Sogndal – Hove til Ramnaberget, *NVE*, 31.03.2022

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Bleia-Storebotnen landskapsvernområde av 08.10.2004
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008


NVE har tildelt Statnett anleggskonsesjon etter energilova § 3-1 for fornying av 420 kV leidningen Sogndal - Aurland i Vestland fylke. Den nye Sogndal – Aurland leidningen vil passere gjennom Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Statnett søker Nærøfjorden verneområdestyre om dispensasjon frå verneforskrifta for Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Det vert søkt om dispensasjon frå naturmangfaldlovas § 48 og forskrift om vern av Bleia – Storebotnen landskapsvernområde § 3, punkt 1.3 bokstav d) for gjennomføring av naudsynte tiltak. I tillegg vert det søkt om dispensasjon frå § 3, punkt 5 for naudsynt motorferdsel i byggeperioden, og løyve etter § 4 for slik ferdsel.

Ny 420 kV leidning Sogndal – Aurland skal byggjast som erstatning for dagens leidning for å auka overføringskapasiteten. Leidningen vil gå over ei strekning på ca. 8,65 kilometer gjennom verneområdet. Den nye leidningen er planlagt bygt parallelt med og vest for dagens leidning. Avstanden mellom senterlinja på eksisterande og ny leidning vil variere frå ca. 40 meter i søraust til ca. 100 meter i nordvest. Leidningen vert bygd som dupleks, noko som inneber to linjer for kvar fase, i alt seks faselinjer og to toppinjer. Bygginga i verneområdet omfattar 23 nye master med tilhøyrande støypte fundament. Mastetypen som skal brukast er Statnett si standard portalmast med innvendig bardunering. Når ny leidning er ferdig bygd og sett i drift, og traseen er frigitt, skal den eksisterande leidningen fjernast heilt, inkludert 27 master med fundament.



## Nærøfjorden verneområdestyre

Dei nye mastene vil ha større dimensjonar enn eksisterande master. Bileta og figurane under viser eksisterande og nye master.





Bilde av eksisterande mast, for 300 kV, og teikning av 300 mast for kV-leidning.





# Nærøfjorden verneområdestyre





**Generaliserte teikningar av mastene. Bæremast øvst, og forankringsmast nedst. Teikning tilsendt frå Statnett 07.06.2022**


For Bleia – Storebotnen landskapsvernområde søker Statnett om følgjande:  
«Unntak fra vernebestemmelsene for bygging av ca. 8650 meter ny 420 kV dupleks ledning med 23 mastpunkt, vest for eksisterende ledningstrase.

*For å unngå omfattende kjøring i terrenget med mulige terrengskader, søker Statnett om unntak fra verneforskriften § 5.1 og om tillatelse til helikoptertransport frem til det enkelte mastepunkt. Flyvningen vil omfatte daglig personelltransport til og fra arbeid, transport av materialer til fundamentering, inkludert innflyvning av forskaling, armering og betong, og flyvning for mastemontasje og strekking av liner. Det søkes også om tillatelse til helikoptertransport for riving av master, liner og fundament.*

*For de tilfellene der det viser seg at mastefundament må graves ut i løsmasser, vil det kunne være behov for å belte en gravemaskin frem til mastepunktet. For slike tilfeller søker Statnett om tillatelse til motorferdsel gjennom verneområdet for utgraving av mastefundament. Eksisterende kjørespor vil da bli brukt i så stor utstrekning som mulig.*

*For gjennomføring av arbeider krever byggherreforskriftens § 9 bokstav i, og arbeidsplassforskriften kapittel 3, at det skal være tilgang til spiserom og toalett. Dette planlegges løst ved å fly ut flyttbare containere med oppholds- og sanitærfasiliteter ved arbeidsstedet. Det er også behov for enkle containere for lagring av verktøy og utstyr, inkludert førstehjelps- og beredskapsutstyr. Alle containere kan plasseres rett på bakken uten opparbeidelse og flyttes ved behov etter arbeidets progresjon. På grunn av kort sesong kan det være behov for flere arbeidslag med tilhørende fasiliteter i gang samtidig. For sanitæranlegg planlegges det bruk av mobile løsninger med tett tank som kan flys ut for tømning og levering til godkjent mottak. Statnett søker om tillatelse til midlertidig plassering av containere for opphold, toalett og lagring av verktøy og annet utstyr på arbeidsstedene.*

*Ved vinkelpunktet ved mast FM71 mot grensen til Nordheimsdalen naturreservat, på riggplassene B8C og B8D, søkes det om tillatelse til midlertidig plassering i terrenget av strekkeutstyr i form av vinsj og tromler. Utstyret plasseres rett på bakken og forankres med løse betongblokker som flys inn. Det kan være behov for noe enkel planering for å kunne stille opp utstyr. Gravemaskin til dette vil kunne flys inn og ut. Arealene vil bli tilbakeført etter bruk».*



Kart som viser ny og gammel linje gjennom Bleia-Storebotnen landskapsvernområde



## Lovgrunnlaget

Føremålet i Bleia – Storebotnen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Bleia – Storebotnen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter».

Dagens kraftlinje mellom Aurland og Sogndal var bygd når Bleia-Storebotnen landskapsvernområde vart verna, og er omtala i § 3, punkt 1 i verneforskrifta.

### 1. Landskapet

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

b) Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidning og andre luftleidningar, kablar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.

d) Oppgradering/fornyng av kraftleidning for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

d) Oppgradering/fornyng av kraftleidning som ikkje faller inn under pkt. 1.2

Bygging av ei heilt ny kraftlinje som erstatning for eksisterande kraftlinje, vil krevje vesentlege fysiske endringar og må behandlast etter verneforskrifta § 3 punkt 1.3 d).

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

I Bleia-Storebotnen landskapsvernområde går det ei 300 kV-leidning i dag. Denne linja var etablert før verneområdet vart oppretta. Ny 420 kV-leidning vil erstatta eksisterande linje. Bygging av den nye kraftlinje vil gje fysiske inngrep i landskapet, og vil kunne påverka landskapet. I forvaltningsplanen er oppgradering av linja gjennom Bleia-Storebotnen omtalt, og det står at det må vurderast om linja har vesentleg verdi for samfunnet nasjonalt.

«Oppgradering av kraftlinjer som fører til endra landskapsbilete, må konsekvensvurderast m.a. som følge av verdsarvstatusen». I samband med konsesjonssøknaden til NVE, har Statnett gjennomført konsekvensvurdering. Ny 420 kV-leidning vil påverka landskapets art og karakter, men den vil ikkje gje vesentlege auka påverknad sett i forhold til eksisterande 300 kV-leidning. I anleggsperioden med to kraftlinjer vil det gje vesentleg endring av landskapet, men det vil vera i ein avgrensa periode på inntil 4 år. Oppgradering av 300 kV-leidningen var eit tema under oppretting av verneområdet, og den er omtalt som nasjonalt viktig tiltak for straumforsyning i landet. Tiltaket vil slik sett også tilfredsstillast krava for å kunne behandlast etter naturmangfaldlova § 48. På denne bakgrunn vurderer forvaltar at søknaden om bygging av 420 kV-leidning kan behandlast etter verneforskrifta § 3 punkt 1.3 d).

Søknaden om motorferdsel og ferdsl i samband med bygginga må behandlast som eiga sak etter verneforskrifta for Bleia-Storebotnen og naturmangfaldlova § 48.



Det er gjennomført konsekvensutgreiingar som grunnlag for konsesjonssøknaden for tiltaket med ny kraftlinje, og det er utarbeid miljø-, transport- og anleggsplan for bygging av strekninga. I konsekvensutgreiinga er det brukt tilgjengeleg og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

I starten på planprosessen for ny kraftlinje, og før detaljplanlegging var sett i gang, var forvaltar med på synfaring langs eksisterande linjetrase for å sjå på plassering av nye mastepunkt. Under synfaringa vart det påpeika viktigeita av å halda køyring i terrenget på eit minimum i dette høgjellsterrenget for å unngå varige spor.

Det er ikkje gjennomført nye registreringar, med unntak av registrering av kulturminne. Kulturminne er lagt inn i MTA-kart, og kulturminne vert merkt i terreng for å unngå skade på kulturminne.

Bleia-Storebotnen landskapsvernområde er ein del av Nordfjella villreinområde. På noverande tidspunkt er det ikkje villrein i dette området. Det er planar om reintroduksjon av villrein, men det er usikkert kva tid dette vert gjennomført. Anleggsaktivitet vil ha negativ konsekvens for villrein. Statnett opplyser i søknaden at dei vil ha dialog med villreinforvaltninga om eventuelle tiltak og omsyn dersom reintroduksjon vert planlagt før anleggsarbeidet er avslutta.

Statsforvaltaren har påpeika at det er registrert kongeørn-reir i nærområdet til riggplassane B8C og B8D i verneområdet. NVE viser til erfaringar frå andre område at reirplassane vert tatt i bruk att etter ein anleggsperiode er avslutta. Riggplassane i verneområdet er midlertidige, og skal fjernast når anleggsperioden er avslutta i 2026. Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på økosystemet jf. nml. § 10. I dag er det ein 300 kV-leidning med 27 mastepunkt som går gjennom landskapsvernområdet. I anleggsperioden når det er 2 kraftlinjer, vil tiltaket ha stor verknad på landskapets art og karakter. Dette vil vera midlertidig då eksisterande linje skal rivast så snart den nye er ferdig og i drift. Den nye linja vil ha 23 mastepunkt, og med det færre inngrep i terrenget. Dei nye mastene vil vera høgare og ruve meir i terrenget enn den gamle linja. Totalinntrykket på landskapet vil truleg likevel ikkje verta vesentleg forringa ut frå dagens situasjon.

Ved etablering av eksisterande linje (1960 til 1970) vart det køyrt i terrenget, og det viser framleis køyrespor i terrenget etter denne køyringa. Det viser at terrengskadar i fjellet set spor i mange år. Det bør difor i størst mogleg grad unngåast å køyra i terrenget i samband med bygging av mastepunkt og linje. Eksisterande køyrespor bør heller ikkje brukast då det vil auka tida for at desse spora gror att. Bruk av køyretøy i terrenget ved anleggsarbeid vil kunne ha presedensverknad for andre tiltak, og bør behandlast strengt i eit verneområde. Det bør difor berre i unntakstilfelle tillatast køyring i terrenget. Under føresetnad av at det i minst mogleg grad vert påført skadar på terrenget under anleggsarbeidet, vurderer forvaltar den samla belastninga av ny 420 kV-linje som akseptabel.

I søknaden og i MTA-plan er arbeidsmetoden for tiltaket skildra. Det skal gjerast minst mogleg terrenginngrep på kvart mastepunkt, og det skal berre brukast stadeigen masse ved revegetering på mastepunkta. Ved fjerning av eksisterande mastepunkt skal mastene



skjerast ned, kappast opp og fraktast ut med helikopter. Fundamentet til mastene skal skjerast ned til fjellet, og i lausmassar skal fundamentet fjernast 20 cm under bakken. Fjerning av fundamenta skal gjerast ved å bruka handhalde boremaskin og ekspanderande, eller avgrensa sprenging av sjølve fundamentet. Ved bruk av sprenging skal sprengstein og alle restar etter sprengstoff samlast opp og handterast som avfall som vert frakta ut av området.

I anleggsperioden med etablering av ny linje og riving av eksisterande linje, skal det vera tilgang til spiserom og toalett for arbeidsfolka. Konteinarar for opphald, toalett og lagring av verktøy og anna utstyr på arbeidsstadane skal flygast inn og setjast rett på bakken. Det er ikkje trong for tilpassing av terrenget for plassering av konteinarane. For å unngå slitasje på terrenget ved konteinarane, bør det leggjast matter på bakken der det er størst trafikk av arbeidsfolk.

Med dei vilkåra som er sett for gjennomføring av tiltaket, vurderer forvaltar arbeidsmetoden som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Dersom tiltaket fører til skade på naturmangfaldet, skal tiltakshavar dekke kostnaden med å hindre eller førebygge skaden jf. nml. § 11.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, rår forvaltar til at det vert gitt dispensasjon til bygging av 420 kV-leidning og riving av eksisterande 300 kV-leidning i landskapsvernområdet.



Arkivsaksnr: 2022/6368-0  
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes  
Dato: 21.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	11/22	14.06.2022

## Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - motorisert ferdsl i samband med bygging av ny 420 kV-leidning Sogndal - Aurland

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statnett dispensasjon til å fly og lande med helikopter i Bleia-Storebotnen landskapsvernområde i samband med bygging av ny 420 kV-leidning, og riving av eksisterande 300 kV-leidning. Det kan nyttast gravemaskin til arbeid med etablering av nye mastepunkt, jf. løyve til å oppgradera og fornye 300 kV-leidning, vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre 14. juni 2022.

Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og tredje alternativ. Dispensasjonen er gjeve med fylgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld i anleggsperioden med etablering av ny kraftlinje og riving av eksisterande linje. Perioden er frå 01.01.2023 til 31.12.2026.
- Lågtflyging og landinga skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for frakt av personar og utstyr i samband anleggsarbeidet.
- Flyginga skal fylgja korridoren som er merkt på Oversiktskart, 420 kV Sogndal – Aurland gjennom Bleia-Storebotnen landskapsvernområde (vedlegg til søknad).
- Det skal nyttast gravemaskin på inntil 3,5 tonn til graving av mastefundament. Gravemaskina skal ha gummibelte for å minske terrengskade. Dersom gravearbeidet er av ein slik karakter at det må nyttast større gravemaskin for graving for mastefundament i lausmassar, kan det nyttast gravemaskin på inntil 8 tonn. Forvaltar skal i tilfelle orienterast om dette på førehand.
- Gravemaskinene som skal brukast skal køyrast på snødekt eller frosen mark til mastepunkta i verneområdet. Dersom det ikkje er mogleg å køyra på snødekt eller frosen mark, skal gravemaskinene fraktast med helikopter inn til fyrste mastepunktet der gravemaskin skal brukast for å grave fundament. Gravemaskin kan beltast på eksisterande køyrespor frå vernegrensa i nordvest der det er stein og grus i køyresporet.
- Gravemaskina skal flygast med helikopter ut att frå siste mastepunktet den vert nytta dersom dette ikkje er på grensa til verneområdet.



- Dersom det ikkje er mogleg å transportera gravemaskina med helikopter, skal den beltast gjennom terrenget langs markert linje og inntil 50 meter til kvar side. For å unngå terrengskade ved belting av gravemaskin, skal det gjerast terrengforsterkande tiltak som utlegging av matter eller anna terrengforsterking. Eventuelle køyrespor skal slettast til og revegeterast med stadeigen masse.
- Maskin og utstyr som vert nytta i verneområdet skal vera vaska og reingjort før dei vert frakta inn i verneområdet, for å unngå spreiding av framande artar.
- Under flyging skal det visast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal meldast frå til Statens naturoppsyn (mobil 97097720) ved oppstart og ved avslutning av anleggsarbeidet det enkelte året.
- Det skal vere ei sluttsynfaring med forvaltar ved avslutning av arbeidet med 420 kV-leidninga for å sjå til at tilstellinga etter arbeidet er tilfredsstillande.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om Statnett om dispensasjon frå verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, 420 kV Sogndal – Aurland, *Statnett*, datert 25.04.2022
- Godkjend Miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) 420 kV Sogndal – Aurland, og Sogndal – Hove til Ramnaberget, *NVE*, 31.03.2022
- Saksprotokoll - Nærøfjorden verneområdestyre 14.06.22 – Bleia-Storebotnen landskapsvernområde – ny 420 kV-leidning Sogndal – Aurland

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Bleia-Storebotnen landskapsvernområde av 08.10.2004
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008

Statnett skal bygge 420 kV-leidning mellom Aurland og Sogndal, og eksisterande 300 kV-leidning skal rivast. Statnett søker om fylgjande dispensasjon frå verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova til motorferdsel i samband med tiltaket:

*«For å unngå omfattende kjøring i terrenget med mulige terrengskader, søker Statnett om unntak fra verneforskriften § 5.1 og om tillatelse til helikoptertransport frem til det enkelte mastepunkt. Flyvningen vil omfatte daglig personelltransport til og fra arbeid, transport av materialer til fundamentering, inkludert innflyvning av forskaling, armering og betong, og flyvning for mastemontasje og strekking av liner. Det søkes også om tillatelse til helikoptertransport for riving av master, liner og fundament.»*

*For de tilfellene der det viser seg at mastefundament må graves ut i løsmasser, vil det være kunne være behov for å belte en gravemaskin frem til mastepunktet. For slike tilfeller søker Statnett om tillatelse til motorferdsel gjennom verneområdet for utgraving av mastefundament. Eksisterende kjørespor vil da bli brukt i så stor utstrekning som mulig».*





Oversiktskart, 420 kV Sogndal – Aurland gjennom Bleia- Storebotnen landskapsvernområde



## Lovgrunnlaget

Føremålet i Bleia – Storebotnen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Bleia – Storebotnen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter».

«Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter over bakken og landing.» jf. § 3 pkt. 5.1. I fylgje verneforskrifta kan det nyttast helikopter for transport i samband med drift/tilsyn og vedlikehald av 300 kV kraftleidning jf. § 3 pkt. 5.2 f). Transport i samband med bygging av ny kraftlinje og riving av eksisterande linje kjem ikkje under denne regelen. Søknaden om dispensasjon for transport av personell og utstyr i samband med dette anleggsarbeidet må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Motorferdsle skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg i verneområdet, og aktiviteten må ikkje skada verneverdiane eller vera i strid med verneføremålet. Transport i samband med anleggstrafikk og motorisert persontransport er ikkje lovleg i verneområdet, og vert normalt ikkje gjeve. Naturmangfaldlova § 48 opnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta i særskilte høve. Det må føreligge særskilte grunnar for at denne unntaksregelen kan vurderast. Det skal ikkje vera ei utviding av vernereglane. I forarbeidet til verneforskrifta er bygging av ny kraftlinje diskutert, og i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 e) er det opna for å vurdere ny kraftlinje i verneområdet. Forvaltar vurderer transporten i samband bygging av ny kraftlinje som særskilt for denne saka, og meiner det er naudsynt med helikoptertransport og bruk av gravemaskin for å gjennomføra tiltaket. Slik tiltaket er skissert i miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan), vil transporten vera omfattande. Aktiviteten vil kunne uroa dyrelivet i yngre- og hekketida på fjellet. Forvaltar vurderer det difor ikkje er grunnlag for å vurdere denne saka med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Tiltaket med fornying av kraftlinja til oppgradering til 420 kV har stor nasjonal samfunnsnytte for å auka overføringskapasiteten av straum i Norge. Tiltaket har nasjonal samfunnsnytte, og forvaltar vurderer difor tiltaket kan vurderast med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og tredje alternativ.

Det er gjennomført konsekvensutgreiingar som grunnlag for konsesjonssøknaden for tiltaket med ny kraftlinje, og det er utarbeid MTA-plan for bygging av strekninga. I konsekvensutgreiinga er det brukt tilgjengeleg og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Det er ikkje gjennomført nye registreringar, med unntak av registrering av kulturminne. Kulturminne er lagt inn i MTA-kart, og kulturminne vert merkt i terreng for å unngå skade på kulturminne.

Bleia-Storebotnen landskapsvernområde er ein del av Nordfjella villreinområde. På noverande tidspunkt er det ikkje villrein i dette området. Det er planar om reintroduksjon av villrein her, men det er usikkert kva tid dette vil verte gjennomført. Anleggsaktivitet vil ha



negativ konsekvens for villrein. Statnett opplyser i søknaden at dei vil ha dialog med villreinforvaltninga om eventuelle tiltak og omsyn dersom reintroduksjon vert planlagt før anleggsarbeidet er avslutta.

Statsforvaltaren har påpeika at det er registrert kongeørn-reir i nærområdet til riggplassane B8C og B8D i verneområdet. NVE viser til erfaringar frå andre område at reirplassane vert tatt i bruk att etter ein anleggsperiode er avslutta. Riggplassane i verneområdet er midlertidige, og skal fjernast når anleggsperioden er avslutta i 2026. Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på økosystemet jf. nml. § 10. Det vert søkt om transport av personell og utstyr inn til arbeidsstadane langs linja. Det vil vera dagleg transport i anleggsperioden, som vil vera i barmarksperioden. Barmarksperioden i fjellet vil truleg vera frå juni til september, og transporten vil i hovudsak verta avgrensa til denne tida kvart år i anleggsperioden. Dette fjellområdet er lite uroa av støy frå motorisert ferdsel. Aurland Fjellstyre har nokre turar med snøskuter for tilsyna av fjellstyrehyttene, og Statnett nyttar helikopter i samband med tilsyn og vedlikehald av eksisterande kraftlinje. Området vert nytta som friluftsområde heile året. Det er populært område for skiturar på våren. For folk på tur vil den høge aktiviteten med helikopterflyging truleg opplevast som belastande, og det vil gå ut over naturopplevinga. Vi meiner likevel friluftslivet må tole dette i denne saka, då transporten er naudsynt for å gjennomføra tiltaket, og aktiviteten er avgrensa til 4 år. I denne saka er såleis samfunnsnyttan av tiltaket tillagt størst vekt. Det er få område med kraftlinjer inne i verneområdet, og der tiltaket har så stor samfunnsnytte som i dette tilfellet, og saka har vore oppe i verneprosessen. Det er difor vurdert av saka ikkje vil ha presedensverknad.

Det vert søkt om å få belta gravemaskin inn til mastepunkt der fundamenta skal gravst ned i lausmassar. I verste fall kan dette føra til belting av gravemaskina gjennom heile verneområdet og over 8560 meter. Statnett har ikkje oversikt over grunnforholda på kvart mastepunkt. Det er entreprenøren som vurderer grunnforholda og vel løysing for fundamenta. Med kunnskapen som er kjent om grunnforholda i dette fjellområdet, er det mest truleg berre nokre få mastepunkt det er trong for å grave i lausmassar. Køyrespora som vart brukt i 1960 – 1970-åra viser framleis, og tyder på at terrenget i dette området er lite slitesterkt for terrengskade. Forvaltar meiner difor dei gamle køyrespora ikkje bør brukast, med unntak av eksisterande køyrespor frå vernegrensa i nordaust, der det er stein og grus i den gamle køyretraseen. Ansvarleg entreprenør skal unngå at det vert nye køyrespor i terrenget. Dersom det vert nye køyrespor, skal køyrespora slettast til og revegeterast med stadeigen masse.

Det beste er om gravemaskina kan køyrast inn i terrenget på snødekt mark eller på frosen mark, alternativt at gravemaskina vert transportert med helikopter til dei mastepunkta der gravemaskina skal brukast. Helikoptertransport er mogleg å gjennomføra dersom det er ei mindre (inntil 3,5 tonn) gravemaskin som kan delast opp. Dersom det vert vurdert at det ikkje er mogleg å nytte ei mindre maskin for å grave fundament i lausmassane, kan det nyttast ei større maskin som vert belta gjennom terrenget. Dette skal skje etter ei grunding vurdering av ansvarleg entreprenør, der forvaltar skal verte orientert om vurderinga som er gjort. For å unngå terrengskade ved belting av gravemaskin, skal det gjerast terrengforsterkande tiltak



som utlegging av matter eller anna terrengforsterking det det er mogleg. Dette gjeld spesielt på fuktige parti i terrenget.

Med dei vilkåra som er sett for gjennomføring av tiltaket, vurderer forvaltar arbeidsmetoden som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Dersom tiltaket fører til skade på naturmangfaldet, skal tiltakshavar dekke kostnaden med å hindre eller førebygge skade jf. nml. § 11.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12, verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48, meiner forvaltar det kan gjevast dispensasjon til motorferdsel i samband med bygging av ny 420 kV-leidning og riving av eksisterande 300 kV-leidning i landskapsvernområdet med dei vilkåra som er sett. Dispensasjonen vert gitt med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og tredje alternativ.



Arkivsaksnr: 2022/3668-0  
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes  
Dato: 03.06.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøfjorden verneområdestyre	12/22	14.06.2022

## Saksframlegg - Nærøfjorden landskapsvernområde - retting av tiltak med gjerde rundt stølshus

### Innstilling frå forvaltar

Nærøfjorden verneområdestyre sender brev med førehandsvarsel om retting av tiltak med gjerde på stølen Vassete i Dyrdal, og fjerning av gjerdestolpar rundt stølshus på Hjølmo i Dyrdal. Brevet vert sendt med heimel i naturmangfaldlova § 69.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Vedtak i klagesak om oppføring av gjerde rundt stølshus på Hjølmo i Nærøfjorden landskapsvernområde – Miljødirektoratet 08.11.2021
- Nærøfjorden landskapsvernområde – gjerde og tiltak på stølshus – Hjølmo - saksprotokoll 34/20 – 10.09.2020, Nærøfjorden verneområdestyre

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008

Nærøfjorden verneområdestyret gav avslag på ein søknad om oppføring av gjerde rundt stølshus på Hjølmo i Nærøfjorden landskapsvernområde (sak 34/20). Det vart klaga på vedtaket, og klagen vart sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjer. Miljødirektoratet opprettheldt verneområdestyret sitt vedtak om avslag i saka.

I samband med behandling i denne saka, vart styret gjort merksam på gjerde rundt to andre stølshus i denne delen av verneområdet. Styret må vurdere oppfylging av desse tiltaka på bakgrunn av behandling av nemnde sak, og føringar frå Miljødirektoratet med avklaring av forvaltningspraksis.



## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Dette gjeld mellom anna oppføring av anlegg og faste innretningar. Det kan gjevast løyve til oppsetting av nye gjerde «(som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve)» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 f). Sjølv om vilkåra etter regelen er oppfylt, har søkjar likevel ikkje krav på å få løyve. Forvaltningsstyresmakta må gjere ei konkret og individuell vurdering av om løyve skal gjevast ut frå ei vurdering av behovet for tiltaket og påverknad på verneverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

## Vurdering

Nærøfjorden verneområdestyre har vurdert ein søknad om løyve til oppføring av gjerde rundt eit stølshus i Nærøfjorden landskapsvernområde. I den saka vart det vurdert at det ikkje kunne gjevast løyve til gjerde. Det er ikkje tradisjon for å gjerda inn stølshusa på stølane i dette landskapsvernområdet. I førearbeidet til verneforskrifta var gjerde rundt stølshus diskutert, og det vart vist til at «...*Ei viktig grunngjeving for ikkje å opne for oppsetting av gjerde innafor landskapsvernområdet utan søknad, er å hindre at det blir sett opp gjerde rundt stølshusa/hyttene*». Dersom alle grunneigarane ynskjer å gjerde inn stølshusa sine, vil det påverka landskapet sin art og karakter. Eit løyve til gjerde i ei enkelt sak kan difor skapa ein uheldig presedens som fører til at føremålet med vernet og verneverdiane gradvis vert forringa og svekka, jf. nml. § 10.

I klagebehandling av saka om gjerde på Hjølmo, opprettheld Miljødirektoratet vedtaket til verneområdestyret om avslag til oppføring av gjerde rundt stølshuset. Gjennom denne behandlinga har det blitt lagt føringar for korleis slike saker skal behandlast, og med avklaring av forvaltningspraksis i tilsvarande saker. Som ei fylgje av denne avklaringa er det naturleg å fylgja opp tilsvarande saker slik at forvaltningspraksis vert lik for alle.

Forvaltninga har registrert at det er eit gjerde rundt eit av stølshusa på Vassete, utan at det har vore reagert på dette, mellom anna fordi vi ikkje har vore klar over kva tid gjerdet kom opp. På bilde frå verdsarvturen i 2005, ser det ikkje ut til å vera gjerde rundt stølshuset. Bilde frå 2017 viser bilde med gjerde. Ut frå desse bildene, er gjerdet sett opp etter at området vart verna. Å sette opp gjerde er søknadspliktig, men sidan det ikkje har vore reagert på tiltaket, har eigar oppfatta at dette tiltaket var i orden. I klagesaka om gjerde rundt stølshuset på Hjølmo, vart det vurdert at gjerde på Vassete var mindre synleg enn gjerde på Hjølmo. Etter klagebehandlinga, meiner forvaltar det er naudsynt å vurdere dette på nytt for å få lik forvaltningspraksis i området.





Stølshus på Vassete med gjerde, 02.10.2020. Foto Anbjørg Nornes


Det andre gjerdetiltaket vi kjenner til, er gjerdestolpar rundt eit stølshus på Hjølmo. Gjerdestolpane var sett opp for å kunne strekke opp gjerde rundt stølshuset når det er folk på stølen. Eigar er gjort oppmerksom på at det å sette opp faste anlegg med gjerdestolpar og gjerde er eit søknadspliktig tiltak. Det er ikkje sendt skriftleg krav om fjerning av gjerdestolpane. Det er no naturleg å vurdera fjerning av dette gjerdet og. Forvaltar har vore i kontakt med eigar, og han opplyser at gjerdestolpane vert fjerna i år.



Stølshus på Hjølmo med gjerdestolpar, 27.09.2013. Foto Anbjørg Nornes



Kunnskapsgrunnlaget for å vurdere retting av tiltaka er henta frå forarbeid til verneplanprosessen, forvaltningsplan og synfaringar i området. Forvaltar vurderer kunnskapen om tiltaka og området som godt for å fylgja opp saka. Det må i tillegg hentast inn kunnskap om tiltaket frå eigarane før styret krev retting av tiltaka. Med bakgrunn i at saka er godt opplyst, er føre-var-prinsippet (jf. nml. § 9) ikkje tillagt vekt i saka. Dei to tiltaka med gjerde er sett opp utan søknad og godkjent løyve. Eit tiltak i verneområde er ikkje forelda sjølv om det er lenge sidan tiltaket vart gjennomført, så lenge tiltaket er gjennomført etter verneområdet vart oppretta.



**Raud pil på kartet markerer stølane Vassete og Hjelmo. Kartutsnitt frå fylkesatlas.**

Vi kjenner ikkje til at det er gjerde rundt andre stølshus i Nærøfjorden landskapsvernområde.

Vi har forståing for at tiltakshavar har ynskje om å sette opp gjerde rundt stølshuset for å unngå sauer og saueskit tett inn på stølshuset. Men for å ha lik behandling av tilsvarende saker, meiner forvaltar desse sakene må fylgjast opp av verneområdestyret. Forvaltningsstyresmakta kan ved brot på verneforskrifta krevje retting av tiltak (jf. naturmangfaldlova § 69). Styret skal senda eit førehandsvarsel for å informere om at verneområdestyret vurderer pålegg om å fjerna gjerdet og gjerdestolpane som er sett opp rundt stølshusa, og som det ikkje er gitt godkjend løyve til. Tiltakshavar skal få frist til å uttale





seg i saka. Etter tiltakshavar har gitt tilbakemelding, kan verneområdestyret vurdere pålegg om retting med heimel i naturmangfaldlova.